


# Opplæringslova i møte med elevar med behov for ASK



Anne Merete Kleppenes

Anita Sande

Høgskolen i Vestfold

ASK 2 - 2013

# Opplæringslova i møte med elevar med behov for ASK

---



Anita Sande er seniorrådgjevar ved Statped vest.



Anne-Merete Kleppenes er seniorrådgjevar ved Statped vest.

## Abstract

Juni 2012 vedtok Stortinget en ny paragraf i Opplæringslova som ga elevar med behov for alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK) rett til å nytte eigna kommunikasjonsformer og kommunikasjonsmiddel i opplæringa. Innføring av paragrafen synleggjer at dette er ei elevgruppe som treng særskilt tilrettelegging. Gjennom presentasjon av teori, lovverk og funn forsøker forfatterane å skildre korleis utvalde paragrafar i Opplæringslova kan nyttast for å gi grunnlag for eit forsvarleg opplæringstilbod til denne elevgruppa. Forfatterane har intervjuet ein jurist i Kunnskapsdepartementet, ein rådgjevar i PPT og ein rektor, og fått deira syn på korleis ein skal forstå lovverket og kva tiltak som må til for å gje elevane eit forsvarleg opplæringstilbod. Hovudkonklusjonen er at Opplæringslova legg sterke føringar for kva elevar med behov for ASK har rett på, og at det er eit stort potensiale i å målretta nytte lova. Artikkelen forsøker også å gi nokre svar på kva som må til for at lovverket skal bli oppfylt og for at elevane skal få eit forsvarleg opplæringstilbod.

## Innleiing

Elevar med behov for Alternativ og supplerande kommunikasjon (heretter ASK) har kommunikasjonsvanskar, men er ei gruppe personar med svært ulike behov. Nokre forstår alt, men kan sjølv ikkje uttrykke seg verbalt. Andre forstår lite talespråk og må ha ei alternativ kommunikasjonsløyse både for å forstå og bli forstått. ASK er ei erstatning for eller eit supplement til tale, og ASK er alt som hjelper ein person til å kommunisere effektivt når tradisjonelle måtar å kommunisere på ikkje er tilstrekkeleg (Tetzchner og Martinsen,

2002). Vanskar med å kommunisere med andre får konsekvensar på alle livsområde, og ASK er avgjerande for sosial og fagleg utvikling ([www.isaac.no](http://www.isaac.no)).

Etter mange års arbeid frå Isaac Norge, foreldre og nærpersonar til ASK-brukarar, fagpersonar med interesse for ASK-feltet og ASK-brukarar sjølv kom det 12.juni 2012 endringar i Opplæringslova. Lovendringa trådde i kraft 01.08.12, og omfattar elevar, lærlingar og vaksne under opplæring sin rett til bruk av ASK i opplæringa. Første del av § 2-16 «*Opplæring av elevar med behov for ASK*» lyder: «*Elevar som heilt eller delvis manglar funksjonell tale og har behov for alternativ og supplerande kommunikasjon, skal få nytte eigna kommunikasjonsformer og nødvendige kommunikasjonsmiddel i opplæringa*» ([www.lovdatab.no](http://www.lovdatab.no)). Noreg er det einaste landet i verda med ein lovfesta rett for elevar med behov for ASK.

I arbeidet vårt i Statped møter vi ofte elevar som har dårlege rammer og for lite kompetanse rundt seg. Dei får ikkje eit forsvarleg opplæringstilbod. Med eit forsvarleg opplæringstilbod meiner vi at eleven med behov for ASK får ei opplæring som tar utgangspunkt i eleven sine behov, og blir tilrettelagt på ein slik måte at eleven får eit tilfredsstillande utbytte. Vi møter problemstillingar rundt tolkinga og handhevinga av Opplæringslova, og meiner at potensialet som ligg i den einskilde paragraf ikkje er godt nok utnytta. Vi tenkjer at den nye paragrafen saman med tidlegare eksisterande paragrafar i Opplæringslova gjev rammer til å kunne gje elevar som har behov for ASK eit forsvarleg opplæringstilbod. Lovendringa tydeliggjer denne elevgruppa, og signaliserer at elevar som har behov for ASK ikkje har blitt ivaretatt godt nok i tidlegare lovverk.

Vår intensjon med denne artikkelen er å synleggjere korleis ein målretta kan bruke fleire av paragrafane for å skape betre rammer rundt opplæringa til elevar med behov for ASK. Artikkelen har fokus på elevar i grunnskulen. Problemstilling:

**«Korleis kan Opplæringslova nyttast for å gje elevar med behov for alternativ og supplerande kommunikasjon eit forsvarleg opplæringstilbod?»**

### **Alternativ og supplerande kommunikasjon**

ASK vil seie at personen har ein anna måte å kommunisere på i ansikt- til ansikt-kommunikasjon enn tale. Kommunikasjonen er alternativ når den erstattar talen, og supplerande når hensikta er å fremme og støtte personen sin tale, eller sikre ei alternativ

kommunikasjonsform dersom personen ikkje utviklar evna til å snakke. Om lag 6 500 barn og ungdomar i Noreg kan ikkje nytte tale som si primære kommunikasjonsform (Tetzchner og Martinsen, 2002).

Det finnast fleire metodar og/eller hjelpemiddel som kan nyttast dersom talespråket er fråverande eller mangelfullt. Personar som brukar ASK uttrykker seg med til dømes bruk av kroppsspråk, handteikn, grafisk ordforråd i kommunikasjonsbøker og talemaskiner eller bliss. Dette er språkformer som skal fungere som kompensierende, erstattande eller støttande for den manglande talespråket. Personens vanskar og ressursar dannar grunnlaget for kva slags metode eller hjelpemiddel han eller ho treng.



Bileta viser ulike elevar som kommuniserer med sine kommunikasjonsformer

## Kommunikasjon og læring

Talespråket er ein effektiv måte for å kommunisere om kven vi er, kva vi kan og korleis vi oppfattar verda. Menneske som har vanskar med å uttrykke seg, mister makta over sitt eige liv. Konsekvensen kan bli at miljøet anten undervurderer eller overvurderer personen (Tetzchner og Martinsen, 2002). Mangel på ein effektiv måte å kommunisere på gjer det vanskelig for omgjevnadane å tilpasse sin kommunikasjon og informasjon, noko som er avgjerande for til dømes å gje tilpassa opplæring.

Kommunikasjonen må sjåast på som ei grunnleggande føresetnad for utvikling. I den grad vi utviklar oss som ein person, utviklar kognitive ferdigheiter, tileignar oss forståing av andre menneske og omgjevnadane våre, skjer dette som ein funksjon av vår kommunikasjon (Lorentzen, 2001). Kunnskapsløftet beskriv fem sentrale ferdigheiter som grunnleggande reiskap for læring og utvikling. Det å kunne uttrykke seg munnleg er ein av desse ferdigheitene, saman med lese, skrive, rekne og å bruke digitale verktøy. Desse skal integrerast i alle fag ([www.udir.no](http://www.udir.no)). Dei grunnleggande ferdigheitene for elevar med behov for ASK er utgangspunkt for at dei skal kunne utvikle ferdigheter til samspel med andre

menneske. Spesielt tre av ferdighetene, å uttrykke seg munnleg, skriftleg og å kunne lese, er særs viktige og samtidig sårbare ferdigheiter for elevgruppa. Å uttrykke seg munnleg vil for enkelte som nyttar ASK ikkje innebere vokalt språk. Munnlege uttrykk hos elevar med behov for ASK kan blant anna vere kroppsspråk, handteikn og grafiske teikn i for eksempel kommunikasjonsbøker og taleteknologi ([www.isaac.no](http://www.isaac.no)).

## Opplæringslova

Opplæringslova regulerer grunnskuleopplæringa i Noreg og gjeld for både grunnskulen og vidaregåande opplæring. Opplæringslova slår fast at kommunane er ansvarlege for den offentlege grunnskulen, og fylkeskommunen for den offentlege vidaregåande skulen. Lova omfattar mellom anna omfang og innhald for opplæringa og organisering av undervisninga. Lova gjeld for alle elevar. Med tanke på problemstillinga og omfanget til artikkelen har vi valt ut nokre paragrafar som vi set fokus på. Vi vil presentere paragrafar som kan vere sentrale for å legge til rette for eit forsvarleg opplæringstilbod for elevar med behov for ASK. Opplæringstilbodet skal ta utgangspunkt i den enkelte eleven sine behov, og gje eleven eit forsvarleg utbytte. Det er ikkje nødvendigvis eit optimalt utbytte. Det har heller ikkje elevar utan spesielle opplæringsbehov krav på. Den norske skulen byggjer på 3 sentrale prinsipp; likeverd, inkludering og tilpassa opplæring (Kunnskapsdepartementet, 2003) og til saman skal desse sikre ei forsvarleg opplæring.

## Opplæring av elevar med behov for alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK)

*«Elevar som heilt eller delvis manglar funksjonell tale og har behov for alternativ og supplerande kommunikasjon, skal få nytte eigna kommunikasjonsformer og nødvendige kommunikasjonsmiddel i opplæringa. Når ein elev ikkje har eller kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har eleven rett til spesialundervisning etter reglane i kapittel 5. Dette inkluderer nødvendig opplæring i å bruke alternativ og supplerande kommunikasjon»*

Denne paragrafen (§ 2-16) er ny, og synleggjer at elevar som har behov for ASK skal kunne nytte sine kommunikasjonsformer og kommunikasjonsmiddel. Ordlyd og innhald har samanheng med internasjonale konvensjonar og erklæringar som «FN konvensjonen om rettighetene til mennesker med nedsatt funksjonsevne» og «Salamanca erklæringa»

Alle elevar treng å vere aktive og deltakande for å lære, også elevar som nyttar ASK (Statped, 2012). For at ASK-brukaren skal kunne vere aktiv og deltakande krev det mykje

tilrettelegging og planlegging. ASK-systemet treng individuell tilpassing for at det skal dekke kommunikasjonsbehovet (Stoner, Angell og Bailey, 2010). Elevane vil ha behov for at ordforrådet i kommunikasjonshjelpemiddelet deira vert utvida i takt med at dei lærer nye ord. ASK-brukaren må ha tilgang til kommunikasjonsmateriell og læremiddel, og må få det tilrettelagt slik at kommunikasjon og innhald i aktivitetar fremjar språkleg, fagleg og sosial utvikling. Det er avgjerande at dei som skal gjere dette får avsett tid til det (Almås og Østvik, 2010). «*Førebuing til undervisningstimane for ASK-brukarar er ofte dobbel: Først den «vanlege» førebuinga, og så utvelging av ordforråd og tillaging av kommunikasjonsmateriell til bruk i lærings situasjonane*» (Statped, 2012:11).

Tilbodet til ASK brukarar er i dag mangelfullt. Vi veit at tiltak ofte vert satt i gang for seint, at der er manglande tilbod, at fleire har behov for ASK enn dei som får tilgang til det og at der ofte er dårleg kvalitet på tiltaka (Statped, 2012 ). Dette kan forklarast på fleire måtar; det er eit relativt nytt fagområde, nye hjelpemiddel har gitt nye muligheiter, forskning og erfaring har gitt tilgang på ny metodikk.

### **Tilpassa opplæring**

Tilpassa opplæring er eit gjennomgåande prinsipp i heile grunnopplæringa. § 1-3 i seier at opplæringa skal tilpassast den enkelte elev sine evner og føresetnader. Tilpassa opplæring er ikkje eit mål, men eit virkemiddel for læring (Kunnskapsdepartementet 2006). Elevane har ulike utgangspunkt og behov, og skal møte realistiske krav i arbeid med dei nasjonalt fastsette kompetansemåla. «*Det dreiar seg altså ikkje om å gi eit likt tilbod til alle, men om tilbod som er likeverdige på den måten at dei tek utgangspunkt der barna og dei unge står*» (Kunnskapsdepartementet, 1998). Tilpassa opplæring er nært knytt til likeverdsprinsippet.

For elevar som brukar ASK vil likeverdprinsippet og tilpassa opplæring bety at opplæringa skal tilpassast ressursane og vanskaner til den ein skilde. Læraren må kartlegge eleven sitt utviklingsnivå og kjenne kompetansen som den enkelte elev har, og ut frå det gje oppgåver med ulik vanskegrad eller differensiere i forhold til realistiske læringsmål ([www.udir.no](http://www.udir.no)). Sjølv om barn brukar ASK er ikkje det einstyddande med at dei har lærevanskar. Nokre ASK-brukarar kan få heile eller deler av opplæringa si innanfor tilpassa opplæring. Svært mange skular kan bli betre i tilrettelegginga si, og deltaking i vanleg undervisning kan auke for ASK-brukarar gjennom fleire tilpassingar (Statped, 2012). Dersom



ein elev som brukar ASK skal få opplæringa si innanfor tilpassa opplæring, vil det likevel innebere ein stor jobb for skulen når det gjeld tilrettelegging.

Både tilpassa opplæring og spesialundervisning krev kartlegging av evner og føresetnadar. Det er ofte utfordrande å utgreie og kartlegge personar som har behov for ASK, i alle fall før dei har eit veileigna kommunikasjonssystem (Schiørbeck og Stadskleiv, 2008). Det er vanskeleg for elevar utan talespråk å få vist kva dei kan. Kunnskapsdepartementet (2010) viser til Grønmo og Onstad (2009) som seier at internasjonal forskning viser at høge forventningar til læring er ein avgjerande føresetnad for at barn og unge skal lære. *«Nokre elevar får manglande undervisning i grunnleggande ferdigheiter fordi forventningane er for lave, og fordi kompetansen på tilrettelegging er for dårleg» (Statped 2012:11).*

### Rett til spesialundervisning

§ 5-1 i Opplæringslova slår fast at *«elevar som ikkje har eller som ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet har rett til spesialundervisning»*. Spesialundervisning er ein meir omfattande form for tilpassa opplæring, finn vi i «Spesialundervisning. Veileder til Opplæringsloven om spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning (4.12)» (heretter Veilederen). Rett til spesialundervisning krev eit enkeltvedtak etter Forvaltningslova, og kan omfatte avvik frå innhaldet i læreplanen.

Å gje elevar med behov for ASK eit forsvarleg opplæringstilbod vil i svært mange tilfelle handle om å gje dei rett til spesialundervisning mellom anna fordi deira behov for opplæring i bruk av kommunikasjonsforma si vil gje dei behov for det. Eleven sin kompetanse i bruk av eiga kommunikasjonsform vil avhenge av fleire faktorar mellom anna motorisk og kognitiv funksjon, og kor godt utvikla kommunikasjonen er før dei startar på skulen. Elevar med behov for ASK vil ofte også trenge spesialundervisning i eitt eller fleire fag. Vi veit mellom anna at det er svært krevjande å knekke lesekode for elevar som ikkje har talespråk (Hellberg, Avers og Alfsen, 2011).

### Sakkunnig vurdering

§ 5-3 i Opplæringslova skildrar kva ein må greie ut og ta standpunkt til i sakkunnig vurdering: eleven sitt utbytte av ordinært opplæringstilbod, lærevanskar, særlege forhold som er viktige for opplæringa, realistiske opplæringsmål, kva opplæring som gjev eit

forsvarleg opplæringstilbod, og om ein kan avhjelpe vanskane innafor det ordinære opplæringstilbodet. PPT skal sørge for at det vert utarbeidd sakkunnig vurdering der lova krev det (§ 5-6). Der PPT fungerer godt er den nær brukarane og har lokal kunnskap (Kunnskapsdepartementet, 2007). Denne kunnskapen er ein ressurs når sakkunnig vurdering skal utarbeidast.

Den sakkunnige vurderinga er det dokumentet som i størst grad legg føringar for kva opplæringstilbod eleven med behov for ASK og spesialundervisning skal få. Det er difor eit viktig dokument. Statped (2012) beskriv kva kompetanse ein treng i møte med ASK-brukarar. Det vil være kunnskap om kva som finst av kommunikasjonsmåtar, - middel og metodikk, og kva som passar for kven. Ein må kunne noko om kartlegging av elevar utan talespråk, prøve ut hjelpemiddel og metodikk og vite kva som krevjast for å implementere ulike kommunikasjonsløyisingar. Vidare må ein kunne noko om å legge til rette for eit godt språkmiljø, og for samtalepartnarane – både vaksne og barn. PPT må inneha denne kunnskapen for å kunne skrive ei sakkunnig vurdering som godt nok kan skildre eleven med behov for ASK. I Kunnskapsdepartementet (2010) står det at det er eit stort behov for grunnleggande kompetanse om ASK i PPT. Den sakkunnige vurderinga skal tilrå omfanget av støttetiltaka som krevjast, og beskrive den kompetanse som personalet kring eleven må ha for å gje eit forsvarleg opplæringstilbod. Knytt til elevar med behov for ASK er det også relevant å synleggjere behov for tid til å legge til rette materiell og tilpasse fagstoff. I tillegg vil ein også kunne seie noko om behov for samarbeidstid.

### **Enkeltvedtak og klagerett**

Sakkunnig vurdering dannar grunnlag for eit eventuelt vedtak om rett til spesialundervisning. Enkeltvedtak i kommunen og fylkeskommunen om spesialundervisning skal være så klart og fullstendig at det ikkje er tvil om kva for opplæringstilbod eleven skal få, eller kven som skal utføre det. «*Eit vedtak som berre tildeler eleven ein viss timeressurs utan å fastsetje nærmare krava til innhaldet i eller til den organisatoriske gjennomføringa av opplæringa, er ikkje nok*» (Stette, 2012: 168). Enkeltvedtak kring elevar med behov for til dømes ASK må synleggjere denne eleven sine behov, kva som gjev eit forsvarleg opplæringstilbod, innhald i opplæringa, den organisatoriske gjennomføringa og omfanget av eventuelle støttetiltak (Veilederen 6.6.1.2).



Eleven eller foreldra kan klage på eit enkeltvedtak. Klageretten gjeld både om eleven har rett til spesialundervisning, om tilrettelegginga er adekvat ut frå dei behova som eleven har, eller om vedtaket for eksempel skil seg frå den sakkunnige vurderinga. Det følj av Opplæringslova § 15-2 at Kunnskapsdepartementet er klageinstans for enkeltvedtak angående spesialundervisning. Myndigheten er delegert til Fylkesmannen, som då vert øvste klageinstans for skuleverket. Rett til spesialundervisning blir kvalitetssikra gjennom fire dokument: sakkunnig vurdering, enkeltvedtak, individuell opplæringsplan (§ 5-5) og halvårsrapport (§ 5-5). Målet er at dokumenta til saman skal fungere som eit system for vurdering og oppfølging av elevar (Kunnskapsdepartementet, 2010).

### **Skolen og organisering av elevane i klasser eller basisgrupper**

Alle har rett til å gå på nærskulen (Opplæringslova § 8-1), og alle elevar skal høyre til i ei basisgruppe/klasse. Så mykje som mulig av eleven si opplæring skal skje innanfor denne gruppa/klassa (§ 8-2) Dersom ein skal avvike frå dette skal det vere spesifikt beskrive i enkeltvedtaket. Også dei elevane som får spesialundervisning skal i utgangspunktet gjennomføre opplæringa innanfor ramma av nærskulen og den ordinære basisgruppa/klassa (Veilederen 4.7). Opplæringa må organiserast og leggest til rette på ein måte som verkar inkluderande for alle elevar (Veilederen 4.3.2). Inkludering og likeverd er omgrep som er nært knytt til kvarandre. *«Inkludering betyr å styrke barns og elevs deltakelse i et faglig, sosialt og kulturelt fellesskap og aktivt motvirke forhold som virker ekskluderende»* (Kunnskapsdepartementet, 2009: 55). Opplæringa skal vere inkluderande for alle, uansett evner og føresetnadar.

Inkluderingsprinsippet er gjort tydelig mellom anna i opplæringslova § 1-1, forskrifter og i Kunnskapsløftet. Elevar som brukar ASK skal i så stor grad som mulig få sitt opplæringstilbod innanfor si gruppe/klasse med mindre den sakkunnige vurderinga og enkeltvedtaket seier noko anna. For å oppnå god inkludering, må eleven som brukar ASK kunne kommunisere med medelevane og lærerane som underviser klassa/gruppa. Kommunikasjonsferdigheiter lærer ein i samhandling med andre. Det betyr at medelevar og lærerar må få opplæring i korleis ein kommuniserer med eleven. *«For personer med behov for ASK er kommunikasjonspartneren kanskje deres viktigste ressurs til å oppnå god kommunikasjon (Østvik 2008:19).* Målet er å gjere menneska i miljøet til betre kommunikasjonspartnarar (Tetzchner, 2001). Kommunikasjon med ASK-brukarar er ikkje

intuitiv, men må lærast. Når medelevar og lærarar er kjend med kommunikasjonsforma vil dei bidra til at eleven utviklar sin kommunikasjon. Østvik (2008) meiner at jamaldringar kan vere ei underkjent gruppe som språkmodellar, og at dette bør det rettast eit større fokus mot. Skogdal (2005) skriv at litteratur om ASK tyder på at opplæring av venner og klassekameratar er lavt prioritert. Østvik (2008) peikar på at gode kommunikasjonspartnarar må vere bevisst kva forventningar han har i møte med personen som bruker ASK. Mangel på forventningar frå samtalepartnar gjer at mange ASK-brukarar vert kommunikative underytarar (Tetzchner og Martinsen, 2002).

### Kompetansekrav og kompetanseutvikling

§ 10-1 handlar om kompetansekrav for undervisningspersonell og synleggjer kravet til at dei som vert tilsett i undervisningsstilling skal ha relevant fagleg og pedagogisk kompetanse. § 10-8 omhandlar kompetanseutvikling, og lyder slik:

*«Skoleeigaren har ansvar for å ha riktig og nødvendig kompetanse i verksemda. Skoleeigaren skal ha eit system som gir undervisningspersonale, skoleleiarar og personale med særoppgåver i skoleverket høve til nødvendig kompetanseutvikling, med sikte på å fornye og utvide den faglege og pedagogiske kunnskapen og å halde seg orienterte om og vere på høgd med utviklinga i skolen og samfunnet».*

Kunnskapsdepartementet (2010) strekar under at på tross at kompleksiteten i møte med elevar som brukar ASK har skuleeigar ansvar for opplæringa, og påpeikar at tilrettelegging krev høg tverrfaglig kompetanse. Meldinga seier vidare at god og oppdatert kompetanse om ASK er avgjerande for å sikre et godt opplæringstilbod for dei som har store kommunikasjonsvanskar som følgje av heilt eller delvis manglande tale. Tetzchner (2009, i Statped 2012) seier *«Kompetanse dreier seg ikke bare om å kjenne den rette «oppskriften» i opplæringen, men om å forstå prinsippene bak opplæringen og de sosiale prosessene i og utenfor opplæringssituasjonen»*. I representantforslag i Dokument nr. 8:72 (2008–2009) vert det sagt at tilbodet innanfor ASK i for stor grad ber preg av tilfeldigheter, og at mykje av arbeidet blir utført på dugnad. Det er derfor viktig å auke kompetansen om ASK på system- og individnivå, slik at brukarane i mindre grad blir avhengige av tilfeldige enkeltpersoner. Kunnskapsdepartementet (2010) viser til høyringsuttale frå CP-foreningen og Isaac Norge at det er eit stort behov for grunnleggande kunnskap om ASK i PPT og i blant undervisningspersonale, men at det finst spisskompetanse på statleg nivå hos enkelte kompetansesenter.

God allmennpedagogisk kunnskap er grunnlaget for all undervisning også for elevar som nyttar ASK (Statped 2012). Det å kunne legge godt nok til rette for elevar med behov for ASK vil som regel også krevje innlæring av ny metodikk, ny programvare og kompetanse i å kommunisere med ASK i det daglege. Ofte er dette kunnskap og ferdigheiter som er ukjent. Kunnskap som ein ikkje veit om finst, vil ein heller ikkje etterspørje: «*Jeg visste ikke at jeg hadde behov for det*», var ei utale frå ein av deltakarane i evaluering av prosjektet «HUSK-ASK», som var eit kompetansehevingsprosjekt knytt til ASK (Statped, 2011).

Mange av tiltaka rundt elevar med behov for ASK vert utført av assistentar. Det er ikkje krav til assistenten sin kompetanse, noko som har samanheng med at dei ikkje skal leie undervisningar eller ha ansvar for spesialundervisninga. Assistenten skal for eksempel støtte eleven i opplæringssituasjonar og gje praktisk hjelp (Veilederen 4.11.) Utdanningsforbundet sine tal viser at assistentar i stor grad vert nytta til oppgåver som undervisningspersonale burde ha utført, og at bruken av assistent er sterkt aukande. Dei fem siste åra har talet på assistenttimar pr. elev i spesialundervisninga auka med 66% ([www.utdanningsforbundet.no](http://www.utdanningsforbundet.no)).

### Korleis kan ein få kompetanse på ASK?

Det er mangel på utdanningar ved Universitet og Høgskular som tar for seg ASK som eit eige område, men det finnst noko. Høgskolen i Vestfold har eit betalingsstudie i ASK. Studiet gjev ei innføring i alternative måtar å kommunisere på for menneske med behov for ASK som følgje av at dei heilt eller delvis manglar tale. Studiet består av to modular på 30 studiepoeng kvar ([www.lu.hive.no](http://www.lu.hive.no)). Helsefaglige og pedagogiske grunnutdanningar har førelesningar og pensum i ASK i utdanninga. Det er ikkje ein etablert del av fagplanane på landsbasis enno. «*Kompetanse for kvalitet*», er eit etter- og vidareutdanningstilbod til pedagogar. Det er utarbeidd av Kunnskapsdepartementet, KS, Utdanningsforbundet, Norsk Lektorlag, Skolenes landsforbund, Skolelederforbundet og Nasjonalt råd for lærerutdanning. ([www.udir.no](http://www.udir.no)). Det er valt ut spesifikke studiar i dette tilbodet, men ein kan søkje om å få støtte til å ta studie som er utanom det som er skissert. «Faglig løft for PPT» var eit 4-årig regionalt utviklingsarbeid som Møller-Trøndelag kompetansesenter fekk ansvar for av Utdanningsdirektoratet. Det vart gjennomført i perioden 2008 – 2012, og var i samarbeid med NTNU Pedagogisk institutt, KS i region Midt-Norge og Statped. PP-tenesta fekk sjølve bestemme kva kompetanse dei hadde behov for, og det har vore ein suksessfaktor for prosjektet (Nordlandsforskning 2012). NTNU skal drive Faglig løft for PPT vidare. Både i

«Kompetanse for kvalitet» og i «Faglig løft» er ein avhengig av at deltakerane ber spesifikt om at ASK vert eit tema.

I tillegg til det ein kan få på studie kan ein i ulik grad på ulike stader i Noreg i regi av eller ved å søke til Statped, NAV Hjelpemiddelsentral, Habiliteringstenesta og PPT få tilgang på kurs, delta i ulike nettverk og prosjekt, og få rettleiing og oppfølging anten på system og/eller individnivå.

## Metode

### Intervju

Vi valde å bruke eit kvalitative forskingsintervju for å samle inn informasjonen til artikkelen. Denne typen intervju byggjer på eit kunnskapsparadigme der meiningar og intensjonar står sentralt (Befring, 2002). Metoden gjev muligheit til å gå i djupna på tema som dukkar opp, både av forventa og uventa art. Vi var opptatt av å sjå kva muligheiter som ligg i Opplæringslova når det gjeld å gje elevar som brukar ASK eit godt opplæringstilbod med bakgrunn presisering i § 2-16. Vi ønska både å vite meir om den juridiske sida ved presiseringa og korleis ein på kommunalt nivå tolkar og eventuelt kan nytte Opplæringslova for å gje elevar med behov for ASK eit forsvarleg opplæringstilbod. Fordi vi ønska å få generert tankar om korleis ein kan skape gode rammer for opplæringssituasjonen til desse elevane, valde vi å bruke intervju. Eit spørjeskjema kunne gitt oss oversikt over korleis ei gruppe fagpersonar i kommunane oppfatta presiseringa, men det var ikkje det vi primært ønska å få fram.

### Planlegging og gjennomføring av intervjuet

Eit av måla var å få kunnskap om kva slags rettar ASK-brukarar i skulen har etter Opplæringslova. Vi søkte ein person som både kunne tolke lovverk, og som hadde spesifikk kunnskap om kompleksiteten i tilrettelegging for bruk av ASK. Gjennom Isaac Norge fekk vi namnet til ein jurist som arbeider i Kunnskapsdepartementet. Ho har vore med i prosessen kring presiseringa i opplæringslova. Vi tok kontakt gjennom e-post og fekk positivt svar. Intervjuet blei gjennomført i Kunnskapsdepartementet.

Vi ønska også å finne ut korleis PPT og rektorar forstår presiseringa, og kva dei tenkjer den kan ha av praktisk betydning for elevar som brukar ASK. Det var viktig for oss å velje

informantar som hadde erfaring med ASK-brukarar. Tilfeldige informantar kunne kanskje dokumentert mangel på kunnskap i PPT og skule, men det var ikkje det vi var ute etter. Vi tok kontakt med ein PP- rådgjevar som vi har samarbeid med i ei brukarsak, og ein rektor på ein skule som skal i gang med eit kompetansehevingsprosjekt kring ASK. Vi tok kontakt via e-post, og fekk positive svar. Begge desse intervju blei gjennomført på telefon.

Vi utarbeida tre ulike intervjuguidar (vedlegg 1-3) med spørsmål som var relevante for dei ulike fagpersonane. Nokre spørsmål gjekk att, men elles forsøkte vi å få fram det som var genuint for den enkelte si stilling. Intensjonen var å få fram temaet frå ulike synsvinklar, og få utfyllande informasjon. Intervjuguidane var basert på relevante dokument og erfaringar av problemstillingar vi møter i arbeidet vårt som seniorrådgjevarar i Statped. Vi starta intervju med å seie noko om intensjonen med artikkelen. Informantane våre var svært positive i møte med oss, og gav oss mykje god informasjon. Intervju varte frå 45-80 min. Vi tok opptak av intervju, og i etterkant av intervjuet vart lydfilene transkribert. Vi tok også notat underveis.

I presentasjonen av funna har vi plukka ut det vi meiner er relevante utsegn. Nokre utsegner siterer vi, andre presenterer vi i fortetta form. Med fortetta form meiner vi at vi reformulerer utsegnene, men prøver å formulere dei på ein måte som tek i vare informantens sin intensjon. I presentasjonen av utsegnene har vi brukt namna til informantane. Dette er avklart med dei. Informantane er valt ut på bakgrunn av at vi syns dei er flinke fagpersonar, og det gjer at vi ikkje får utfordringar med at dei vert sett i eit dårleg lys.

### **Eiga rolle og førforståing**

Vi arbeider i Statped og står ofte med problemstillingar rundt tolkinga og handhevinga av Opplæringslova. Vi opplever at mange av dei elevane vi møter, som bruker ASK, har for dårlege rammer og for lite kompetanse rundt seg. Vår førforståing er at kompetansen på ASK i skulen stort sett er alt for dårleg, og at mange barn ikkje får utnytta sitt utviklingspotensiale. Vi tenkjer også at presiseringa i § 2-16 saman med andre paragrafer i Opplæringslova gjev grunnlag for å forvente at desse elevane skal kunne blir møtt med kompetanse i skulen. Vår kjennskap til mange elevar, skular, skuleleiingar og kommunar gjer at vi ser utfordringane, men også kva det er mulig å få til. Det pregar spørsmåla våre.

Intensjonen med artikkelen er å synleggjere korleis ein måleretta kan bruke fleire av paragrafane i Opplæringslova for skape betre rammer rundt opplærings situasjonane til desse elevane. Spørsmåla våre vil bære preg av at vi ynskjer at elevar med behov for ASK skal få eit så godt opplæringstilbod som råd.

### **Validitet, reliabilitet og generaliserbarhet**

Validiteten handlar om at ein måler det ein gjev seg ut for å måle (Kvaale, 2005). I vårt arbeid vil det være knytt til vår evne til å gjengi informantane riktig, og til å behandle utsegnene på ein mest mulig objektiv måte. Reliabilitet handlar om i kva grad andre vil få dei same svara vi fekk av informantane våre. Utsegnene til juristen har sin basis i lovverket. Her ser vi på reliabiliteten som svært høg. Dei to andre har vi ein relasjon til, noko som mest sannsynlig vil ha påverknad på svara dei gjev. Nokre av funna våre vil være faktabaserte og generaliserbare. Andre funn vil ikkje vere generaliserbare fordi informantane sin kunnskap om ASK er prega av deira forståing for tematikken. Denne kunnskapen er ikkje nødvendigvis samanfallande med andre personar i tilsvarande stillingar.

## **Presentasjon og drøfting av funn**

### **Elevar som har behov for ASK**

*«Det er ei rett presisering, og det er rett og fornuftig at den er gjort!»,* seier Trygve Stensland som jobbar i PP-tenesta i Ytre Sogn og Sunnfjord. Elisabeth Harlem Eide, seniorrådgiver i Opplæringsavdelingen i Kunnskapsdepartementet understrekar at presiseringa av rettane til ASK-brukarar er *«...en viktig presisering. Den sier det som allerede følger av loven fra før, men den sier det mer tydelig – hva disse elevene har rett til»*. Åge Stafsnes, som er rektor ved ein 5. – 10.skule i Førde kommune meiner at presiseringa *«slår fast at det skal sørgast for at dei som har behov for alternativ kommunikasjon får det»*.

I arbeidet vårt i Statped har vi møtt pedagogiske fagpersonar som hevdar at § 2-16 i Opplæringslova ikkje har nokon betyding, og at det ikkje vil endre på noko i arbeid kring ASK-brukarar. Harlem Eide er svært tydeleg i samtalen med oss kring dette temaet: Denne presiseringa er ein *«signalbestemmelse»!* Det er sjeldan at ei spesifikk gruppe vert gjeve ein slik *«særbestemmelse»* i Opplæringslova. Lova legg rammer for det arbeidet som skal gjerast, og skuleeigar, rektor og PPT har ansvaret for at § 2-16 og alle andre reglane i lova vert følgt, seier ho. Stensland i PPT meiner at *«Det hjelper overfor dei som skal gjere vedtak*

*at ein kan dokumentere det i form av lover og forskrifter». Han er tydeleg på at det er viktig for ASK-brukarar si opplæring at denne presiseringa er på plass. Han seier vidare at slik som han tolkar Opplæringslova er innhaldet i § 2-16 allereie dekket i opplæringslova (§1-3 og § 5-1), men at det er viktig og nyttig å ha ein paragraf å vise til, spesielt overfor vedtaksorgan. Også Harlem Eide meiner at innhaldet i Opplæringslova tidlegare har hatt muligheit for å kunne dekke ASK-brukarane sine behov. Ho seier vidare at med denne lovendringa har ein løfta fram temaet ASK, som ikkje er eit så kjent tema som for eksempel ADHD er. «Så dette kan bidra til å gjøre det mer kjent: Hvor mangfoldig det er, hvor mange det egentlig er som har bruk for det eller kan få bruk for det. Det er jo også de som blir utsatt for en ulykke i voksen alder», seier Harlem Eide.*

### **Tilpassa opplæring for elevar som brukar ASK**

Barn som brukar ASK er forskjellige. Elevar som nyttar seg av ASK har ikkje nødvendigvis lærevanskar. «*Enkelte elever med ASK kan få hele eller deler av opplæringen tilrettelagt innenfor tilpasset opplæring*», sier Elisabeth Harlem Eide. Den nye paragrafen peikar på at elevane skal få nytte eigna kommunikasjonsformer og nødvendige kommunikasjonsmiddel i opplæringa. Statped (2012) skriv at mange fleire elevar kan delta i vanlig undervisning dersom ein legg betre til rette, men påpeikar at det er tidkrevjande fordi det manglar ferdig kommunikasjonsmateriell og læremiddel. Rektor Åge Stafsnes meiner det er mogeleg å få det til innanfor tilpassa opplæring. Rektor disponerer ein ekstraressurs for «byrdefull undervisning», og han seier at det er hans ansvar å tildele kontaktlærar desse ekstra førebuingstimane. Han seier samtidig at det er krevjande for ein kontaktlærar å kombinere både ansvar for tilrettelegging for eleven i tillegg til dei andre elevane i klassen. Statped (2012) påpeikar at førebuingstid for ASK-elevar ofte er dobbel. Stafsnes meiner at ei løysing kan vere at ei klasse har to kontaktlærarar, men at elevtalet er skeivdelt. Ei anna løysing har ser for seg er at andre personar i kollegiet, med for eksempel datakompetanse, kan få avsett tid til å gjere denne jobben. Harlem Eide understrekar at det skal vere vektige grunnar for å velje at eleven skal takast ut av klassa si for å få undervisning: «*Regjeringens mål er at tilpasset opplæring skal bli så god som mulig. Spesialundervisning er ikke et mål, barna skal ikke ha en spesialundervisningskarriere*».



## Spesialundervisning for elever med behov for ASK

Elevar som ikkje har eller som ikkje kan få tilfredstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har rett til spesialundervisning (Opplæringslova § 5-1).

Spesialundervisning er ei utvida form for tilpassa opplæring (Veilederen 4.12). Nokre elevar treng spesialundervisning i eit, fleire eller alle skulefaga eller dei treng opplæring i å bruke hjelpemidla sine. ASK-brukaren har rett til å nytte hjelpemiddelet sitt, og å få opplæring i bruk av det. Harlem Eide trur at *«Opplæring i ASK ofte vil dreie seg om spesialundervisning, fordi slik opplæring skiller seg fra det behovet for opplæring de fleste elever har»*. Rektor understrekar at *«det er faktisk berre i § 5 det er heilt spesifikke rettar i forhold til den einskilde»*. Rett til spesialundervisning blir kvalitetssikra gjennom fire dokument: sakkunnig vurdering, enkeltvedtak, individuell opplæringsplan og halvårsrapport. Målet er at dokumenta til saman skal fungere som eit system for vurdering og oppfølging av elevar (Kunnskapsdepartementet 2010).

## Sakkunnig vurdering

Før det blir gjort vedtak om spesialundervisning, skal det ligge føre ei sakkunnig vurdering av dei særlege behova til eleven (Opplæringslova § 5-3). Det er PPT som skriv den sakkunnige vurderinga. Denne skal blant anna gjere greie for lærevanskar eller andre forhold som er viktige for opplæring, realistiske opplæringsmål og kva for opplæring som gir et forsvarlig opplæringstilbod. Trygve Stensland meiner at innhaldet i det sakkunnige vurderinga vil bli lite endra med den nye paragrafen: *«det vil uansett være en beskrivelse av eleven og det behovet denne har, det er heile tida vårt utgangspunkt»*. For å skrive gode sakkunnige vurderingar treng PPT kunnskap. Det er eit stort behov for grunnleggande kompetanse om ASK i PPT (Utdanningsdepartementet 2010). Stensland beskriv behovet for kompetanse slik: *«vi har både behov for ASK-teori og praksis, og hjelpemiddel som kan brukast i den forbindelse, men vi har også behov for kompetanse på korleis veilede inn i skolen på dette her. Altså korleis bringe det inn i skolen på en mest mulig effektiv måte»*. Dette er svært likt skildringa av nødvendig kompetanse som vi finn i Statped (2012). Ein anna grunn til at det kan vere vanskelig for PPT å vere konkret i tilrådingane sine er at det krev ein spesiell kunnskap å kartlegge mange av desse elevane (Schiørbeck og Stadskleiv, 2008). For å kunne utnytte potensialet som ligg i paragrafen om sakkunnig vurdering, treng PPT grunnleggande kunnskap om ASK. Innhaldet i den sakkunnige vurderinga er

premissleverandør for kva vedtak skulen gjer knytt til innhald og organisering av spesialundervisninga, og det er derfor svært viktig at PPT har kompetanse på ASK.

Dersom PPT manglar kompetanse må dei innhente den andre stadar. Foreldre står fritt til å be andre instansar om å utarbeide sakkunnig vurdering, seier Harlem Eide. Vidare seier ho: *«Også andre vurderinger og faglige uttalelser kan legges ved og skal tas omsyn til av kommune eller fylkeskommune når vedtak blir gjort. PPT skal kjenne til forhold som er i sin kommune»*. Ho peikar på at på generell basis har ikkje andre instansar den lokalkunnskapen. Stensland viser også til at denne lokalkunnskapen er viktig og seier: *«Vi kjenner skulane så pass godt rundt omkring her, at vi vet kva slags kompetanse kvar enkelt skule sit med»*. Styrken til PPT er kjennskap til organisering og tilrettelegging på kvar enkelt skule.

Stafsnes påpeikar at innhaldet i sakkunnig vurdering er viktig for dei vedtaka han tar. Som eksempel på dette nemner han at i enkelte av elevane sine sakkunnige vurderingar står det at der er behov for ein time til samarbeid og koordinering for personalet kring eleven. *«Og då blir det gjort vedtak om at det er satt av ein time til koordineringsarbeid. Då er det dokumentert at denne eleven har faktisk behov for at personalet har behov for denne tida til å jobbe saman»*. Når det ikkje står noko om samarbeidstid i sakkunnig vurdering, tek han det ikkje med i enkeltvedtaket. Då blir det opp til skulen si organisering å eventuelt få det til. Så for han er det avgjerande at dette og andre behov blir synleggjort frå PPT si side.

### **Enkeltvedtak og klagerett**

Ei sakkunnig vurdering gir grunnlag for eit enkeltvedtak. Enkeltvedtaket skal vere skriftlig. Det kan avvike frå det PPT har tilrådd, men då skal det følgje med ei grunnngjeving. Denne grunnngjevinga manglar ofte, seier Stensland. Foreldra kan klage både på om retten til spesialundervisning vert ivaretatt og om innhald og tilrettelegging er god nok ([www.udir.no](http://www.udir.no)). Alle informantane er tydelige på at økonomi ikkje kan vere grunnen til avviket. Stensland fortel oss at han i liten grad opplever at foreldra klagar. I arbeidet som PP-rådgjevar informerer han foreldra om klageretten, men hjelper ikkje foreldra i ei eventuell utforming av klagen. Han argumenterer for at han ikkje hjelper foreldra ved å seie at tilrådinga i den sakkunnige vurderinga talar for seg. *«Der står det vi meiner om den saka, og viss vedtaket er et anna enn det som står i sakkunnig uttale, og det vil ofte vere det det blir klaga på»*. Åge Stafnes fortel at dei tidlegare hadde ein del klager på enkeltvedtak ved skulen, men at dei

no har fått ei betring i dette. Det foreldra klaga på var som regel timetalet eleven vart tildelt. Han fortel om ei bevisst jobbing for å endre praksis:

*«Det har skjedd ei endring dei siste åra, for vi har brukt ein del ressursar på å skrive betre vedtak, presiserte kva som var det viktige, innhaldet og måla, i ein periode så ringte eg, tok kontakt med foreldra for å spørje om dei lurar på noko i forhold til vedtaket. Rett og slett for at dei ikkje skulle bli så opphengt i dette med timetal, men få fokus over på innhald, kva vi skal jobbe med».*

Klager skal sendast til skulen/kommunen for vurdering der, og viss dei ikkje finn at dei kan/bør gjere endringar skal den vidare til Fylkesmannen. På spørsmål om ei klage kan opplevast som ein trussel for vedtaksorganet, så trur ikkje Stensland i PPT det. Faktisk er det slik at i ein av kommunane han er knytt til har det ikkje vore sendt inn klage på 30 år. «Eg seier dessverre, det burde selvfølgelig vore klaga av og til. Derfor trur eg ikkje at ei klage er eit «ris bak speglet» - fordi dei fleste rektorar ser at det ikkje skjer». Utsegna viser at informantane har ulikt syn på og ulik erfaring med klagesaker. Medan PPT ikkje har tru på at klager får skulen til å endre praksis, fortel rektor at det gjer det. Harlem Eide er opptatt av at viss det blir sendt klage inn til Fylkesmannen og ein får medhald der så skal det etterfølgjast. «I helselovgivning er det bøter, men det er et politisk valg å ikke ha det i skolelovgivningen. Erfaringen er at de fleste følger pålegget. Det handler mest om at man ikke kan bruke økonomi som begrunnelse, spesialundervisning er en individuell rett, for eksempel på linje med arbeidsledighetstrygd».

### **ASK i eit inkluderande perspektiv**

Elevar som brukar ASK har rett til å få opplæringstilbodet sitt innanfor si eiga gruppe/klasse med mindre den sakkunnige vurderinga og enkeltvedtaket seier noko anna. Dei grunnleggande ferdigheitene for elevar med behov for ASK er utgangspunkt for at dei skal kunne utvikle ferdigheter til samspel med andre menneske([www.udir.no](http://www.udir.no)). Menneske lærer kommunikasjon gjennom å kommunisere med andre, og ferdigheter innan kommunikasjon er viktig for å lære. Muligheter for å kunne lære, ut frå eigne føresetnadar, er grunnlaget for likeverdstanden. «Likeverd og inkludering er begrep som går igjen i regjeringens sin planer. Det er viktig å involvere de andre elevene, det er viktig å tenke bredt», seier Harlem Eide. For å oppnå god inkludering, må ASK-brukaren kunne kommunisere med medelevarane og lærarane som underviser klassa/gruppa med sitt kommunikasjonssystem. «Viss man har en eller flere i klassen,( .....), da er det viktig at man inkluderer de andre

*elevene» (Harlem Eide). Skogdal (2005), Østvik (2008) og Tetzchner (2002) viser at medelevar er ein viktig, men uutnytta ressurs i tilrettelegging kring elevar med behov for ASK. «Det er jo et ønske at spesialundervisning skal foregå innenfor klassen. Men man må jo ta hensyn til den enkelte elevs behov og hvordan klassen med mer er ved organiseringen. Det er absolutt ikke et mål at flere skal tas ut av klassen for å gis undervisning utenfor!» Dette fell saman med intensjonane både i FN-konvensjonen og i Salamanca-erklæringa.*

### **Opplæringslova sitt krav om kompetanse**

God kompetanse på ASK er avgjerande for å gje elevar med behov for ASK eit forsvarleg opplæringstilbod. Kunnskapsdepartementet (2010) seier at det er vanleg at undervisningspersonalet manglar grunnleggande kompetanse om ASK. Det vert undervist lite om ASK i grunnutdanningane, og den einaste formelle utdanninga som finst er et betalingsstudie. Opplæringslova slår fast at undervisningspersonale skal ha relevant fagleg og pedagogisk kompetanse, og at skuleeigar har ansvar for å ha rett kompetanse i verksemda. Harlem Eide seier det slik: *«For å bli tilsatt i undervisningsstilling så er der helt klare kompetansekrav. Opplæringsloven og forskriftene gir klare retningslinjer. Hovedregelen er at det skal være personale som fyller kompetansekravene som skal gi undervisning»*. Lova seier vidare: *«Skoleeigaren skal ha eit system som gir undervisningspersonale, skoleleiarar og personale med særoppgåver i skoleverket høve til nødvendig kompetanseutvikling»* ([www.lovdata.no](http://www.lovdata.no)). Det å undervise elevar med behov for ASK må sjåast på som ei særoppgåve, noko som betyr at skuleeigar har eit ansvar for å legge til rette for kompetanseheving på ASK. Harlem Eide påpeikar at *«det er klart at en ting er lovbestemmelser, noe annet er å gjennomføre de lovbestemmelsene og det er egentlig først og fremst der utfordringene ligger; i dette med kompetanseutvikling»*. Når Stensland beskriv kva kompetanse lærarar som skal undervise elevar med behov for ASK skal ha, meiner han det er bruk for kompetanse i forhold til den kommunikasjonsproblematikken som gjelder for eleven, teoretisk bakgrunn, og kompetanse i forhold til dei hjelpemidla som kan være aktuelle å bringe inn. *«For det vil ofte være snakk om å bringe inn eitt eller fleire hjelpemiddel som kan støtte kommunikasjonsferdighetene til eleven, så vi må også seie noko om å mestre og kunne noko om desse hjelpemidla»*.

Dokument nr. 8:72 (2008–2009) peika på at tilbodet innan ASK i for stor grad er prega av tilfeldigheter og tilfeldige enkeltpersonar. Det finst miljø med god kompetanse på ASK

innanfor Statped, NAV Hjelpemiddelsentral, nokre habiliteringstenester og nokre PP-kontor. Men det er ikkje likt over heile landet. Mangel på grunnleggande kompetanse om ASK viser seg også ved at etterspørsel etter kompetanse uteblir. Stensland si erfaring er at skulane etterspør kompetanse som dei veit PPT har, og viss skulen veit at kontoret kan noko om ASK spør dei om hjelp. Utsagnet «*Vi visste ikke at vi hadde behov for det*» frå evalueringa av HUSK-ASK (Statped 2011) viser det same. Kompetansen på ASK er ujamt fordelt, ikkje berre lokalt, men og nasjonalt. Harlem Eide viser til at det skal utarbeidast ein veileder i ASK, for å i møtekomme utfordringane som kommunane står overfor i møte med elevar som nyttar ASK.

Stafsnes er tydeleg på at det er han som rektor som kan gå inn og vurdere om dei tilsette har god nok kompetanse. Stensland meiner at den beste måten PPT kan synleggjere kompetansebehov på er gjennom drøftingar med rektorar, og i sakkunnige vurderingar. På spørsmål om kva han kan gjere viss han meiner skulen har for lite kompetanse, seier han: «*Eg vil ha ei drøfting med rektor i utgangspunktet, ta det opp med rektor og prøve å gå litt meir innpå kva type kompetanse som trengs, kva lærerane ev treng for å gjere (få) det*». Viss kompetansen ikkje finnast på skulen er Stensland si erfaring at det sjeldan er aktuelt å tilsetje nye fagpersonar, skulane ønskjer som regel å nytte si personalgruppe. «*Då må vi prøve å vise kor de kan hente kompetansen, eller korleis de kan bygge opp sin kompetanse, både gjennom litteratur og gjennom kurs både Statped og hjelpemiddelsentralen har innimellom*». På vårt spørsmål om kor lett det er å få rektorane med på tankegangen svarar Stensland at «*Det varierer veldig, tenkjer eg, ut frå innstillinga som rektor har på de forskjellige skulane. Eg opplever heldigvis at på enkelte skular vil rektor ha stor forståelse for det, de vil prøve å legge til rette så godt som de kan, mens andre er nok meir lunkne*». Stensland peikar på at det kan vere vanskeleg for ein rektor å forstå og legge til rette for at dei aktuelle lærerane får heva sin kompetanse, at dei treng naudsynt tid – ikkje berre til å heve kompetansen, men å setje seg inn i bruken av dei aktuelle reiskapa. «*Det er ikkje gjort over natta med å lese ei bok som ligg på nattbordet*».

I Førde kommune der Stafsnes er rektor har dei ikkje noko kommunal og felles satsing på kompetanse i skulen, i alle fall ikkje knytt til spesialpedagogisk kompetanse. Vi «*må evt jobbe fram kurs med meir sjølv, saman med PPT. Det er ikkje noko organisert*». Det finnast ulike måtar å tileigne seg kompetanse på. Departementet har, seier Harlem Eide, sett i gang tiltak knytt til kompetanseheving av pedagogisk personale og PPT. «Kompetanse for

kvalitet» er eit vidare- og etterutdanningstilbod til alle lærarar i offentlege og private skular, både i grunnskulen og i vidaregåande opplæringa, og lærarar som underviser vaksne. Rektor seier: *«Vi oppfordrar lærarane til å bruke det. Vi brukar dei tilbod som er. Vi har lagt godt til rette for å ta vidareutdanning i forhold til spesped. Dekke kostnad og vikar med meir. Det har gått ei på spesped no i år. Viss det er tilbod frå Høgskulen så prøvar vi å bruke dei»*. Frå hausten 2013 skal skulen der Åge Stafsnes er rektor starte med eit kompetansehevingsprogram kring kommunikasjon og ASK for personalet til om lag 10 elevar. Dette er eit samarbeid med PPT og Statped. På spørsmål om korleis han tenkjer ein kan legge godt til rette for kompetanseheving kring ASK seier han at det er viktig med langsiktig tenking og faste møtepunkt. Han har tru på rettleiing kombinert med korte kursøker og oppgåver underveis. Tradisjonelle kursdagar har han ikkje tru på. Tema må vere knytt opp mot skulen og elevane sine behov.

#### Kompetanseheving på Halbrend skule

Med utgangspunkt i ein søknad til Statped vest, knytt til eit enkeltbarn ved Halbrend skule, er det blitt avtalt at Førde kommune, PPT og Statped vest skal samarbeide om kompetanseheving knytt til arbeid med kommunikasjon og ASK til personalet kring ei gruppe elevar ved skulen. Hovudmålet er å betre tilbodet til brukarar med kommunikasjonsvanskar, og å danne ein felles fagleg plattform for dei tilsette. Det startar med ei dags-samling, deretter vil det vere 2, 5 timers samling om lag kvar 6.veke gjennom skuleåret. Spesialpedagogar, pedagogar, vernepleiarar og assistentar vil delta på kompetansearbeidet. Statped har det faglege ansvaret. Tema vil mellom anna vere Språk og kommunikasjon, språkmiljø, og arbeid med case. Arbeidsformer vil vere presentasjonar, drøftingar, arbeidsoppgåver og mellomliggende arbeid.

Tal frå Utdanningsforbundet (2013) viser at assistentbruken i skulen er aukande, og at assistentane utfører oppgåver som undervisningspersonalet skulle gjort. Harlem Eide presiserer at om eit vedtak om spesialundervisning skal omfatte assistentar må det *«komme klart fram at assistenten skal utføre de og de oppgaver, og det skal være under veiledning av undervisningspersonalet»*. Stafsnes er opptatt at assistentar må inkluderast når skulen hans skal i gong med i kompetanseheving på ASK. Tilbod om kompetanseheving er oftast retta mot pedagogisk personale og ikkje mot assistentar seier han og tilføyer: *«Assistentane har signalisert at dei ønskjer meir kompetanse og er veldig entusiastiske og glad for det vi skal til med her, at dei blir involvert.»* Harlem Eide fortel at det nyleg har vore eit forslag på høyring som omhandlar bruk av personale som ikkje er undervisningspersonale. Planen er at det skal

leggjast fram eit lovforslag om bruk av assistentar. I prop. 129 (2012 -2013), 26. april blei det lagt fram eit lovforslag om bruk av personale i skulen som ikkje er tilsett i undervisningsstilling og skal hjelpe til i opplæringa.

## Konklusjonar og oppsummering

I 2012 kom ein ny paragraf i Opplæringslova som ga elevar med behov for ASK rett til å nytte eigna kommunikasjonsformer og nødvendige kommunikasjonsmiddel i opplæringa. Det er ein «signalbestemmelse» som synleggjer at dei har eit spesielt behov for å få lagt til rette opplæringa. For at elevar med behov for ASK skal få eit godt opplæringstilbod er det også andre paragrafar i Opplæringslova som det er viktig å bruke målretta. Ein del elevar med behov for ASK kan bli ivaretatt innanfor tilpassa opplæring. Det er krevjande for dei som skal tilrettelegge, men dersom rektor legg til rette er det mulig. Dei som ikkje kan få forsvarleg opplæring innanfor tilpassa opplæring har rett til spesialundervisning. Spesialundervisninga skal tilpasse lærestoffet og gi barnet nødvendig opplæring i kommunikasjonsforma si. Ei god sakkunnig vurdering legg premissane for eit enkeltvedtak som tek i vare ASK-eleven sine opplæringsbehov og personalet sine behov for kompetanse og samarbeid. PPT må ha kunnskap og kompetanse på ASK for å skrive ei god sakkunnig vurdering. Foreldre har klagerett på enkeltvedtaket. Klagen kan omhandle både innhald, omfang og organisering av opplæringa, og kan vere eit verkemiddel for å tvinge fram betre vilkår for opplæringa av eleven som har behov for ASK.

Kommunikasjon er viktig for læring. Alle elevar har rett til å gå på nærskulen og tilhøyre ei klasse/gruppe. Elevar som brukar ASK treng å vere saman med medelevar for å utvikle seg fagleg og sosialt. Vi lærer kommunikasjon gjennom samhandling med andre, og medelevar er ein uutnytta ressurs. Undervisningspersonalet skal ha relevant fagleg og pedagogisk kompetanse. Skuleeigar skal ha eit system for tilrettelegging av kompetanseutvikling for sine tilsette. Både PPT og Statped skal jobbe systemretta, og bruk av desse instansane kan gje skuleeigar god hjelp i å oppfylle Opplæringslova sitt krav om kompetanse.

Det er stort behov for auka kompetanse i ASK på alle nivå; i skular, PPT, Habiliteringstenestene og i Statped. Kunnskap og kompetanse ein ikkje veit finst, vil heller ikkje bli etterspurt. For å spreie kunnskap om at ASK er eit fagfelt, er det viktig at det blir



pensum i grunnutdanningane. All formell utdanning i ASK bør vere ein del av det ordinære studietilbodet. Den førespeila «Veilederen i ASK» bør utformast på ein måte som gjer det klart for alle parter kva som er viktig kring tilrettelegging for desse elevane og kva kompetanse personalet som arbeider med dei bør ha.

## Litteratur

Befring, E. (2002). *Forskningsmetode, etikk og statistikk*. Oslo: Det Norske Samlaget.

Hellberg, K., Avers, L. og Alfsen, I. (2011). *Lese- og skriveinnlæring for barn som mangler talespråk*. Foredrag på Isaac Norges 10. nasjonale konferanse. Sundvolden 4. – 6.april 2011

Kvale, Steinar (2005). *Det kvalitative forskningsintervju*. 7. opplag. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.

Lorentzen, P.(2001). *Uvanlige barns språk*. Oslo: Universitetsforlaget.

Schiørbeck, H og Stadskleiv, K (2008). Utredning og tiltak ved kognitive vansker. I Tetzchner, S.von, Hesselberg, F og Schiørbeck, H. (red). *Habilitering. Tverrfaglig arbeid for mennesker med utviklingsmessige funksjonshemninger*. Oslo: Gyldendal Akademisk

Skogdal, Signhild (2005). *Kommunikasjonsfremmede faktorer ved alternativ og supplerende kommunikasjon*. Universitetet i Tromsø

Stette, Ø. (red). (2012). *Opplæringslova og føreskrifter*. Med forarbeid og kommentarer. Oslo: PEDLEX Norsk Skoleinformasjon

Tetzchner, S. V. (2001). *Utviklingspsykologi*. Barne- og ungdomsalderen. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS

Tetzchner, S.V & Martinsen, H (2002). *Alternativ og supplerende kommunikasjon*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS

Østvik, J. og Almås, H.(2010). *Trenger vi å snakke for å lære på skolen? Eksempler på pedagogisk praksis for elever utan funksjonslet talespråk i en inkluderende skole for alle*. Statped.no/trondelag

## Artiklar og rapportar

Hustad, B.C. og Fylling, I. (2012) *Innovasjon gjennom samhandling*. Henta 17.april 2013 frå <http://nordlandsforskning.no>

Lorentzen, P. (2005). I begynnelsen var kommunikasjonen.....også for de aller svakeste.  
*Logopeden 4/2005*

Statped (2012). *Kommunikasjon og læring og for alle. Vidareføring av arbeidet med ASK i Statped. Rapport frå Statped Vest i samarbeid med Møller-Trøndelag Kompetansesenter*

Statped (2011). *PROSJEKT HUSK-ASK. Et samarbeid mellom kommunene Haugesund, Sveio, Karmøy og Statped Vest. Evalueringsrapport 2011*

Stoner, J. B., Angell, M.E, Bailey, R. L. (2010). *Implementing Augmentative and Alternative Communication in Inclusive Educational Settings: A Case Study. Augmentative and Alternative Communication. Vol 26 (2), pp 122-135*

Østvik, Jørn (2008). Språkmiljø – tanker om prinsipielle og praktiske sider. *Dialog2/2008*

### Internettreferansar

Dokument nr 8 (2008:72). Representantforslag fra stortingsrepresentantene Ine Marie Eriksen Søreide, Bent Høie, Gunnar Gundersen, Sonja Irene Sjøli, Olemic Thommessen og André Oktay Dahl *om styrkede rettigheter for barn, unge og voksne med kommunikasjonsvansker*. Henta 17.april 2013 frå <http://www.stortinget.no>

Høgskolen i Vestfold (u.å.). *Alternativ og supplerende kommunikasjon, modul 1*. Henta 7.april 2013 frå <http://www.hive.no>

Isaac. (2012). *Notat om Grunnleggande ferdigheter for elever med behov for ASK*. Henta 13. april 2013 frå <http://www.isaac.no>

Kunnskapsdepartementet. (1998). *Mot rikare mål*. (St. meld. nr 28 (1998-99)). Oslo: Kunnskapsdepartementet. Henta frå <http://www.regjeringen.no>

Kunnskapsdepartementet. (2003). *Kultur for læring*. (St. Meld nr 30 (2003-2004)). Oslo: Kunnskapsdepartementet. Henta frå <http://www.regjeringen.no>

Kunnskapsdepartementet. (2006). - *og ingen sto igjen. Tidlig innsats for livslang læring*. (St.meld. nr. 16 (2006-2007)). Oslo: Kunnskapsdepartementet. Henta frå <http://www.regjeringen.no>

Kunnskapsdepartementet. (2007). *Språk bygger broer. Språkstimulering og språkopplæring for barn, unge og voksne*. (St.meld. nr. 23 (2007-2008)). Oslo: Kunnskapsdepartementet. Henta frå <http://www.regjeringen.no>

Kunnskapsdepartementet. (2009). *Retten til læring: Utredning frå utval oppnevnt ved kongelig resolusjon 29.juni 2007. Avgitt til Kunnskapsdepartementet 2. juli 2009 (NOU 2009:18)*. Oslo: Kunnskapsdepartementet. Henta frå <http://www.regjeringen.no>

Kunnskapsdepartementet. (2010). *Læring og fellesskap*. (Meld. St nr 18 (2010-2011)). Oslo: Kunnskapsdepartementet. Henta frå <http://www.regjeringen.no>

Nasjonalt kompetansesenter for utviklingshemming (u.å.). *FN konvensjonen om rettighetene til mennesker med nedsatt funksjonsevne*. Henta 07. mars 2013 frå <http://naku.no>

Opplæringslova. (2012). *Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (Opplæringslova)*. Henta 07.mars.2013 frå <http://www.lovdatab.no>

Stortinget (2008.). *Representantforslag i Dokument nr. 8:72 (2008–2009)*. Henta 5.april 2013 frå <http://www.stortinget.no>

Utdanningsforbundet (2013). *Bruk av assistenter i grunnskolen*. Henta 14. april 2013 frå <http://www.utdanningsforbundet.no>

Utdanningsdirektoratet. (u.å.). *Veiledninger til Kunnskapsløftet*. Henta 07.april.2013 frå <http://www.udir.no>

Utdanningsdirektoratet.(2009). *Veileder til opplæringsloven om spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning*. Henta 23.mars 2013 frå <http://www.udir.no>



## Vedlegg 1

# Intervjuguide til Kunnskapsdepartementet

Hovedtema: Opplæringslova sine muligheter i forhold til å gi ASK-brukarar eit godt opplæringstilbod.

Formålet med oppgåva: Vi vil gjere det lettare for å tilrettelegge for bruk av ASK i skulen. For å oppnå det så må vi ha kunnskap om kva muligheter og tilrettelegging dei faktisk har krav på. Drive opplysning på kva rettigheter dei faktisk har. Ønsker å setje fokus på forsømmelsen av desse borna. Idear på korleis hjelpe PPT, pedagogar, skuleleiing og foreldre med argument.

Personavhengig – kan vi komme rundt det? Intressant å vite kva pressmiddel som finst

Problemstilling: Kva muligheter finn vi i Opplæringslova i forhold til å gje elevar med behov for alternativ og supplerande kommunikasjon eit forsvarleg opplæringstilbod?

### Spm knytt til §1.3

- Kvar kan ein finne lovhjemmel for meirarbeid knytt til kommunikasjonshjelpemiddel; td legge inn ordforråd knytt til pensum/naturleg språkutvikling. Samarbeidstid. Korleis synleggjere/argumentere for det i sakkunnig vurdering (ev viss ein ikkje har sakkunnig vurdering).
- Kva med undervisningstimetallet. Når en elev har ressursar til å følgje ordinær undervisning, men den medisinske tilstanden gjer at deler av skuledagen må brukast til stell, mat, do, fysioterapi. Dei taper undervisningstid. Vil ein kunne ha rett til at klassas timeplan kan leggest slik at eleven ikkje mister basisfaga.

### Spm knytt til 2.16

- §2-6, 2-14, 2-16 er på mange måtar likelydande, men i 2-16 er ikkje sakkunnig vurdering nevnt, er dette ein grunn til?
- Av og til blir vi møtt av PPT med at presiseringa ikkje utgjer noko endring (også der ASK-brukarar ikkje tidlegare har fått god nok opplæring). Kva tenkjer du om det?
- Har ein oppnådd med ei presisering, kva er intensjonen?
- Vi blir møtt med at talehjelpemiddelet bråker i klasserommet, kva tenkjer du om det?

### Spm knytt til 5.3

- Ofte så kan PP-tenesten lite om ASK, dei sakkunnige vurderingane blir ikkje gode nok, klarer ikkje vere presise på målformuleringar, korleis dei skal nåast og kva kompetanse personalet treng. Kva då?

- Kva når sakkunnig vurdering er god, men vedtaket står ikkje i forhold. Eks at vedtaket gjer at assistentar blir sett til oppgåver som spes.ped skal gjere.
- Pegagoane manglar kompetanse,
- Sjølv med støtte frå fylkesmann, etter klage på vedtak, gjer ikkje kommunen noko.
- Kva gjer vi? Kva mandat har vi? Kvar melder vi våre bekymringar?

### Spørsmål knytt til §10.1

- Kva slags kompetanse tenkjer KD at lærerar og spesialpedagoger bør inneha for å kunne undervise og legge til rette for at ASK-brukerane får eit godt opplæringstilbod (Utdanning, erfaring, teknologi).
- Rundskriv F-02-12 «Informasjon om endringer i opplæringsloven...». Skal ratifiserast at dei som skal undervise 1-4 kl i ulike fag skal ha minst 30 studiepoeng. Kva krav settes til dei som skal jobbe med ASK.
- Bruk av assistentar. *Det skal innføres en bestemmelse i opplæringsloven som presiserer vilkårene for bruk av assistent i opplæringen*, Meld Stor 18. Kvar står dette arbeidet?

### Spørsmål knytt til §10.8

- Kva slags krav og forventningar kan føresette ha i forhold til at barnet deira skal få eit godt tilbod ut frå denne paragrafen?
- Kva slags krav og forventningar kan pedagogar og assistentar ha til eiga kompetanseheving dersom dei skal gjennomføre opplæring til eit barn som treng ASK
- Kva tenkjer de om veilederen i ASK?
- Kva tenkjer KD om korleis kompetansespreiing skal skje.
- Kven er styrande i forhold til å setje standard? Er det opp til rektor å vurdere om personalgruppa sin kompetanse er god nok.

## Vedlegg 2

# Intervjuguide til PPT

Hovedtema: Opplæringslova sine muligheter i forhold til å gi ASK-brukarar eit godt opplæringstilbod.

Formålet med oppgåva: Vi vil gjere det lettare for å tilrettelegge for bruk av ASK i skulen. For å oppnå det så må vi ha kunnskap om kva muligheter og tilrettelegging dei faktisk har krav på. Idear på korleis hjelpe PPT, pedagogar, skuleleiing og foreldre med argument. Personavhengig – kan vi komme rundt det? Drive opplysning på kva rettigheter dei faktisk har. Kunne utarbeide gode tips for innhald i sakkyndig vurdering.

I hovudsak kan vi seie at formålet med oppgåva er todelt: Kompetanseheving knytt til rettane i opplæringslova, samt å spreie den kunnskapen til andre.

Problemstilling: Kva muligheter finn vi i Opplæringslova i forhold til å gje elevar med behov for alternativ og supplerande kommunikasjon eit forsvarleg opplæringstilbod?

- Korleis forstår du presiseringa i paragraf 2.16?
- Har paragrafen ført til endring for PPT sitt arbeid, evt korleis?
- Kva har ein oppnådd med ei presisering?
- Kva vektlegg de i sakkyndige vurderingar som omhandlar elevar med behov for ASK?
- Mange PP-tenester kan lite om ASK, korleis kan kompetansen i ppt hevast?
- Pedagogane manglar kompetanse, korleis kan/bør PPT formulere seg i sakkyndig vurdering?
- Kor spesifikk er de i den sakkyndig uttala i forhold til kven som skal gjennomføre opplæring/tiltak?
- Kva med undervisningstimetallet? Når en elev har ressursar til å følgje ordinær undervisning, men den medisinske tilstanden gjer at deler av skuledagen må brukast til stell, mat, do, fysioterapi. Dei taper undervisningstid. Kan ein i ein sakkyndig uttale gjere noko dette?
- Det er mykje meirarbeid knytt til kommunikasjonshjelpemiddel og arbeid med elevar med behov for ASK.; td legge inn ordforråd knytt til pensum/naturleg språkutvikling, og å utarbeide læremiddel - Korleis får de forholdet mellom lærarane si arbeidstidsavtale til å "gå opp" med rettane i Opplæringslova? Kva med bruk av samarbeidstid? Korleis argumentere for dette i sakkunnig vurdering?
- Kva slags kompetanse tenkjer du at lærerar og spesialpedagoger bør inneha for å kunne undervise og legge til rette for at ASK-brukarar får eit godt opplæringstilbod (Utdanning, erfaring, teknologi)?



- Kven er styrande i forhold til å setje standard i forhold til kompetanse? Er det opp til rektor å vurdere om personalgruppa sin kompetanse er god nok? Korleis kan PP-tenesta påvirke?
- Kva tenkjer du om korleis kompetansespreiing skal skje?
- Korleis rettleiar du foreldre i forhold til bruken av klagerett?
- Kva forhold opplever de vanlegvis at foreldra klagar på?
- Har du eksempel på kva de gjer etter at foreldre har klagt? Kva gjer ein, og kva fører det evt til?

## Vedlegg 3

# Intervjuguide til rektor

Hovedtema: Opplæringslova sine muligheter i forhold til å gi ASK-brukarar eit godt opplæringstilbod.

Formålet med oppgåva: Vi vil gjere det lettare for å tilrettelegge for bruk av ASK i skulen. For å oppnå det så må vi ha kunnskap om kva muligheter og tilrettelegging dei faktisk har krav på. Idear på korleis hjelpe PPT, pedagogar, skuleleiing og foreldre med argument. Personavhengig – kan vi komme rund det? Drive opplysning på kva rettigheter dei faktisk har. Kunne utarbeide gode tips for innhold i sakkyndig vurdering.

I hovudsak kan vi seie at formålet med oppgåva er todelt: Kompetanseheving knytt til rettane i opplæringslova, samt å spreie den kunnskapen til andre.

Problemstilling: Kva muligheter finn vi i Opplæringslova i forhold til å gje barn og elevar med behov for alternativ og supplerande kommunikasjon eit forsvarleg opplæringstilbod?

### Lowverket

- Har, og evt korleis, har du som rektor fått informasjon om denne og andre lovendringar i opplæringslova?
- Korleis forstår du denne presiseringa?
- Kva andre lovverk enn opplæringslova regulerer drifta av skulen?
- Kor briefa blir rektorar/skuleleiing på jus?
- Kva kan ein sjå at presiseringa vil ha av betydning for vedtak som blir gjort og skulen sitt tilbod til denne elevgruppa i framtida?
- Kva når vedtaket skulen gjer ikkje føl sakkunnig vurdering, kva kan vere grunnane til det?
- Når økonomi gjer det vanskeleg å oppnå intensjonene i Opplæringslova, kva handlingsrom har du som rektor då?
- Kva forhold opplever de vanlegvis at foreldra klagar på? Har du eksempel på kva de gjer etter at foreldre har klaga? Kva fører det evt til?

### Organisering av undervisning

- Sett at ein elev som brukar ASK kan få opplæring innanfor 1.3 (tilpassa opplæring), men treng i stor grad tilrettelegging av undervisningsmateriell for å kunne delta på lik linje med andre elevar. Korleis vil ein kunne organisere dette med omsyn til den

ekstra tidsressursen som trengst? Er det muleg å få til tilrettelegging på dette nivå utan spes.ped.ressurs?

- Det er mykje meirarbeid knytt til kommunikasjonshjelpemiddel og arbeid med elevar med behov for ASK.; td legge inn ordforråd knytt til pensum/naturleg språkutvikling, og å utarbeide læremiddel - Korleis kan ein få forholdet mellom lærarane si arbeidstidsavtale til å "gå opp" med rettane i Opplæringslova? Kva med bruk av samarbeidstid?
- Korleis organiserer de vanlegvis det pedagogiske ansvar for elevar med rettar etter paragraf 5.1?
- Kven planlegg og gjennomfører/har ansvar for timar der eleven/ane er inne i klassen?

### Kompetanseutvikling

- Korleis organiserer kommunen kompetanseutvikling?
- Korleis tenkjer du at ein på best måte kan drive kompetanseheving knytt til arbeid med ASK?
- I kva grad nyttar skulen seg av etter- og vidareutdanningstilbodet frå Staten/m.fl? Kan eit slikt tiltak på sikt verte nytta i forhold til å få ASK-kompetanse?
- Kva slags krav og forventningar kan pedagogar og assistentar ha til eiga kompetanseheving dersom dei skal gjennomføre opplæring til eit barn som treng ASK
- Kven vurderer om personalet sin kompetanse er god nok; lærerane, rektor, PPT, foreldre ev andre
- Kva opplever du som den største utfordringa: mangel på ressursar eller mangel på kompetanse?